



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 10.09.2012

Vår ref.: 2012/8142

Arkivnr.: 738

Arbeidsdepartementet  
Postboks 8019 Dep.  
0030 OSLO

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 56 88 11  
E: postmottak@fmro.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høyring " Forskrift om petroleumstilsynets adgang til å kreve gebyr og sektoravgift for tilsyn og annen oppfølging med arbeidsmiljø og sikkerhet "

Arbeidsdepartementet har i høyringsbrev av 27.06.2012 bede om høyringsinstansane sine merknader til " Forskrift om petroleumstilsynets adgang til å kreve gebyr og sektoravgift for tilsyn og annen oppfølging med arbeidsmiljø og sikkerhet "

Fylkesmannen i Rogaland vil som utøvande tilsynsmyndigheit innafor petroleumsværksemda komme med følgjande innspel til forskrifta.

Forskrifta, slik ho no ligg føre, regulerer Petroleumstilsynet sin tilgang til å krevje gebyr for utført tilsyn. Petroleumstilsynet er ein av fleire offentlege etatar som fører tilsyn med petroleumsværksemda.

Fylkesmannen viser til rammeforskrifta av 16.februar 2012 § 67 som definerer kven som har mynde til å føre tilsyn med at krava som er gitt i helse-, miljø og sikkerheitslovgjevinga blir følgd. Det framgår av denne paragrafen at Statens helsetilsyn er gitt mynde til å føre tilsyn på sitt ansvarsområde. Dette ansvaret er delegert til Fylkesmannen i Rogaland. Tilsvarande har Mattilsynet mynde til å føre tilsyn på matlova sitt område, og Fylkesmannen i Rogaland er også delegert ansvaret for dette.

Fylkesmannen i Rogaland har i ei årrekke utført tilsyn på dei nemnde områda, finansiert gjennom gebyrordninga. Dersom ordlyden i utkast til ny gebyrforskrift vert ståande slik den no ligg føre, fell det økonomiske grunnlaget for vidareføring av Fylkesmannen sitt tilsyn på vegne av Helsetilsynet og Mattilsynet bort.

Det er difor naudsynt å presisere at alle som har fått ansvar for å utøve tilsyn med petroleumsværksemda skal komme inn under den nye forskrifta som ligg føre.

Tittelen til forskrifta bør etter vår meining difor endrast til; " Forskrift om *myndighetenes* adgang til å kreve...."

Paragraf 1 om virkeområdet i forskrifta må endrast, slik at alle offentlege etatar som utøve tilsyn blir omtala.

Med helsing

Tora Åsland  
Fylkesmann

Pål Iden  
Avdelingsdirektør/ Fylkeslege

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Trine Hove Bjørnsen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 54  
E-post: trine.hove.bjornsen@fmro.no